Vedtekter for

Øyrådet for Flemsøy/Skuløy

****

§ 1 FØREMÅL

Øyrådet skal arbeide for å fremje utvikling og vekst på alle område i lokalsamfunnet for å sikre at øya også i framtida skal vere eit livskraftig samfunn.

§ 2 ORGANISASJON

Øyrådet er ein frivillig og uavhengig organisasjon og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 3 MEDLEMSKAP

Alle personar over 15 år kan vere medlemer i Øyrådet.

§ 4 MEDLEMSKONTINGENT

Kontingenten vert fastsett av årsmøtet og skal betalast for eitt år om gongen. Medlemer som skuldar kontingent for meir enn eitt år har ikkje stemmerett, og kan strykast som medlem etter vedtak av styret.

§ 5 ÅRSMØTE

Årsmøtet er øyrådet sitt øvste organ. Det skal haldast årsmøte innan utgangen av februar kvart år. Årsmøtet skal velje leiar og behandle årsmelding, rekneskap og innkomne forslag. Vidare skal årsmøtet bestemme prioriteringar og mål for arbeidet det komande året.

Årsmøtet skal innkallast med minst tre vekers varsel direkte til medlemene og/eller ved oppslag på eigna stad. Forslag som skal behandlast på årsmøtet må vere innkome til styret minst to veker før årsmøtet. Sakliste, årsmelding og rekneskap skal kunngjerast seinast ei veke før årsmøtet.

§ 6 STYRET

Styret er det øvste organet i øyrådet mellom årsmøta. Styret konstituerer seg sjølv etter årsmøtet og vel nestleiar og skrivar for eitt år. Styret i øyrådet har møte når leiaren bestemmer, eller når minst 1/3 av styremedlemene krev det.

Styret skal leie øyrådet si verksemd, ha oversikt over arbeidet i gruppene, samordne aktiviteten og sjå til at alle arbeider mot vedtekne mål. Det skal førast protokoll over alle saker som styret behandlar.

§ 7 ARBEIDSGRUPPER

Styret kan opprette arbeidsgrupper etter behov, og bestemme at grupper skal avviklast eller slåast saman etter tilråding frå vedkomande gruppe(r). Arbeidsgruppene kan sjølv opprette undergrupper. Arbeidsgruppene har møte når leiaren bestemmer, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Arbeidsgruppene skal arbeide etter eigen instruks og vel sjølv leiar, nestleiar og skrivar. Styret bestemmer instruksen etter tilråding frå vedkomande gruppe.

§ 8 VAL

1. Leiar vert valt direkte av årsmøtet for eitt år om gongen.
2. Styremedlemer vert valt av arbeidsgruppene. Leiarane i arbeidsgruppene er styremedlemer, og nestleiarane er varamedlemer. Årsmøtet skal godkjenne vala.
3. Kasserar vert valt av arbeidsgruppa for økonomi. Årsmøtet skal godkjenne valet.
4. Årsmøtet vel to revisorar for eitt år om gongen.
5. Årsmøtet vel ei valnemnd på tre medlemer og ein varamedlem for eitt år om gongen.

§ 9 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av dei røysteføre medlemene krev det. Det vert kalla inn på same måte som ordinært årsmøte, med minst 10 dagars varsel.

Berre dei sakene som er kunngjort i innkallinga kan behandlast og avgjerast på ekstraordinært årsmøte.

§ 10 VEDTEKTSENDRINGAR

Desse vedtektene kan berre endrast av ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtektene skal vere ført opp på saklista til årsmøtet og kunngjort minst ei veke før årsmøtet.

§ 11 OPPLØYSING AV ØYRÅDET

Vedtak om oppløysing av Øyrådet skal skje på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal. Minst 1/3 av medlemene må vere til stades. Dersom færre enn 1/3 av medlemene er til stades på årsmøtet, skal saka avgjerast på ekstraordinært årsmøte, som blir innkalla med minst 3 vekers varsel. Gyldig vedtak blir då gjort med 2/3 fleirtal av dei frammøtte røysteføre.

Årsmøtet vel eit avviklingsstyre og gjer vedtak om bruk av eventuell attverande formue.

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 25.02.2015.